

**MØTEBOK**  
**REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** 28. og 29. mars 2022  
**Stad:** Skigaarden Hemsedal

**Desse møtte frå Regionrådet:**

Solveig Vestenfor, Ål kommune  
Petter Rukke, Hol kommune  
Heidi Granli, Gol kommune  
Tore Haraldset, Nesbyen kommune 28.3  
Geir Garthus, Nesbyen kommune 29.3  
Merete H. Gandrud, Flå kommune  
Pål Rørby, Hemsedal kommune

**Desse møtte frå kommunedirektørutvalet**

Ole Johnny Stavn, Hol kommune  
Karsten Dideriksen, Ål kommune  
Hege Mørk, Gol kommune  
Odd Egil Stavn, Flå kommune

**Desse møtte frå administrasjonen**

Jan Olav Helling  
Knut Arne Gurigard  
Maria Grevsgård  
Linda Dalene Bjerke

**Ingen møtte frå Viken fylkeskommune:****Forfall**

Stephan Gundersen, Hemsedal kommune  
Henrik Skovly, Nesbyen kommune

---

**SAK 24/22    GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.02.2022****Vedtak:**

Møteprotokollen frå Regionrådsmøte 25.02.2022 er godkjent.

**SAK 25/22    TANNLEGESITUASJONEN I HALLINGDAL V/ JOHAN EDVARD GRIMSTAD**

Johan Edvard Grimstad orienterte om tannlegesituasjonen i Hallingdal. Han sa at det er vanskeleg å rekruttere inn tannlegar til dalen og det vart og drøfta ulike måtar å løyse utfordringa på. Heilt konkret vart det snakka om hyttetannlege, samlokalisering, samarbeid med private og samarbeid med utanlandske tannlegar.

**Konklusjon:**

Kommunane og fylkesråden jobbar vidare med dette.

**SAK 26/22    REGIONALT SAMARBEID I DAG OG I FRAMTIDA**

- **REGIONALT SAMSPEL**
- **OPPFØLGING AV REGIONALE PLANAR**
- **KORLEIS SKAL REGIONRÅDET ORGANISERAST ADMINSTRATIVT I FRAMTIDA**

Regionrådet drøfta regionalt samarbeidet på fleire nivå. Me gikk gjennom status på alle tiltak i strategisk plan Hallingdal og drøfta korleis Regionrådet organiserast administrativt ifrå 2023. Dette vil også bli tema på Hallingting i april.

**SAK 27/22    INNSPEL TIL HØYRING – DOMSSTOLSSTUKTUR.****Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal vedtek å sende følgjande høyringsuttale før fristen 26. april 2022:

Regionrådet for Hallingdal som det politiske samarbeidsorganet for Hallingdal (kommunane Flå, Nesbyen, Gol, Hemsedal, Ål og Hol) gjev slik uttale til høyring av endring av domstolsstruktur:

1. Regionrådet for Hallingdal ber om gjeninnføring av Hallingdal tingrett som sjølvstendig leia domstol. Dette vil gi det beste domstolstilbodet i form av nærleik, tilgjenge og rettstryggleik til innbyggjarane i dei seks kommunane i Hallingdal.
2. Regionrådet for Hallingdal støttar tilsette ved Buskerud tingrett Nesbyen si uttale (vedlagt) som og peikar på at:
  - «skal det oppnås full ressursutnyttelse må det være en leder med full lederkompetanse og fullt ansvar personalt og faglig ved en selvstendig sorenskriver på hver enhet/ rettskrets. Ordningen med felles ledelse bør derfor etter vår mening oppheves.
  - Økt ressursutnyttelse kan oppnås ved bruk av eksisterende bestemmelser i domstol-loven om overføring av saker mellom rettskretsene og ved tilkalling av dommere. Om ønskelig kan bestemmelsene forenkles for å gjøre det lettere å benytte bestemmelsene i praksis.
  - Små domstoler bør ha en dommerbemanning på minst to embetsdommere for å være effektive.
  - Hallingdal tingrett som egen rettskrets kan styrkes ved at Nore og Uvdal kommune inkluderes sammen med Krødsherad og ev. Sigdal. Kommunene er for øvrig en del av det interkommunale samarbeidet i regionen. Rettskretsen bør ses i sammenheng med rettskretsen for Øvre Buskerud jordskifterett som omfattet bl.a. Nore og Uvdal kommune.»

3. Regionrådet for Hallingdal ber om at Øvre Buskerud jordskifterett blir gjeninnført. For å sikre eit samarbeid mellom domstolar etter reversering, må det gjerast tiltak som gir forpliktande grunnlag for samarbeid mellom jordskifteretter. Felles saksinntak og/eller felles leiing blir vurdert å ikkje vera ei hensiktsmessig løysning.
4. Regionrådet for Hallingdal har i dei siste åtte åra vore sterkt engasjert i å sikre og utvikle tingretten og jordskifteretten i Hallingdal. Saman med kommunane i Hallingdal, Domstolsadministrasjonen, departement og Storting har det vore arbeidd for å finne gode løysingar som er bærekraftige og som tek distriktmessige omsyn. Det er no etablert eit felles rettscenter på Nesbyen, med samlokalisering av tingrett og jordskifterett i nye lokalar (formelt på plass frå 1.1.2021), som Nesbyen kommune har bygd. Dette er eit glimrande eksempel på samarbeid i Hallingdal, mellom tingrett og jordskifterett, som må halde fram.

### **SAK 28/22    INNSPEL TIL HØYRING OM ENDRING I ARBEIDSMILJØLOVA - ENDRING I REGELVERK FOR INN- OG UT LEIGE FRÅ BEMANNINGSFORETAK.**

#### **Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal vedtak å sende inn følgjande høyringsuttale før fristen 19. april 2022:

Regionrådet for Hallingdal støttar regjeringa sin intensjon om eit tryggare og meir seriøst arbeidsliv, der faste tilsettingar er hovudregelen. Regionrådet støttar også tiltak for å få bort dei useriøse aktørane i arbeidslivet, og meiner dette kan gjerast ved å innføre ei godkjenningsordning eller ein prekvalifisering av firma som leiger ut folk til byggebransjen. Eit anna tiltak er å styrke dei allereie eksisterande seriøsitetsreglar for byggebransjen og handhevinga av desse.

Regionrådet for Hallingdal ønskjer ikkje ein eit totalforbod mot innleige av arbeidskraft frå bemanningsforetak i Oslo, Viken og Vestfold. Det er to årsaker til dette:

- Dei bedriftene som er relevante i denne saka, har eit stort behov for fleksibilitet for å klare å handtere ei svært varierende oppdragsmengde. I Hallingdal er oppdragsmengda både konjunkturavhengig og sesongavhengig. I tillegg er bransjen basert på anbod og difor vil ein i periodar ha mange oppdrag, mens ein i periodar vil ha mindre å gjera. Det dreier seg stort sett om lokale bedrifter som konkurrerer om å vinne anbod på relativt store prosjekt, både privat og offentleg, samt underleverandørar på til dømes elektro eller VVS. Dette er firma som har ei fast grunnbemanning, og som kan delta i store, lokale anbodsrundar fordi det er mogeleg å auke bemanninga ved å leige ekstra mannskap frå bemanningsbyrå. Om dette lovforslaget blir vedtatt vil byggenæringa miste den fleksibiliteten som ein har i dag, og lokale entreprenørar vil ikkje vera i stand til å delta i større lokale anbodskonkurransar. Dette vil råke byggenæringa i Hallingdal, den regionen i Viken med den lågaste veksten i næringslivet, og vera konkurranse- vridande. Dette kan ikkje vera intensjonen i forslaget.
- Oslo, Viken og Hallingdal er ikkje ein geografisk arbeidsregion, og Hallingdal har ikkje dei same utfordringane knytt til byggebransjen som Oslo og sentrale Viken. Ulike utfordringar krev ulike tiltak og ein bør ikkje innføre tiltak som baserar seg på kva fylke ein høyrer til. Det er ikkje noko som tyder på at byggebransjen i Hallingdal er meir seriøse eller useriøse enn den er i resten av landet.

**SAK 29/22 RAMMEVILKÅR FOR HAVA**

Håvard Gjeldokk orienterte om organisering og eigarskap i HAVA, samt litt om arbeidsfelt, kven som er kundar, utfordringar, og korleis kundegrunnlaget endrar seg. Utviklinga av HAVA vart drøfta. Skal ein fortsette som i dag, skal ein endre driftsform, eller skal ein vurdere sal av HAVA.

**SAK 30/22 REKNESKAP 2021****Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2021 og at overskotet på kr. kr. 58 841,77 blir ført på disposisjonsfondet.

**SAK 31/22 ÅRSMELDING 2021****Vedtak:**

Regionrådet for Hallingdal rår Hallingtinget til å godkjenne årsmeldinga for 2021.

**SAK 32/22 CAMPUS HALLINGDAL****Vedtak:**

Regionrådet er positive til å arbeide vidare med tanken om ei høgskuleetablering i Hallingdal. Gol kommune jobbar vidare med dette.

**SAK 33/22 LØNS- OG ARBEIDSVILKÅR FOR TILSETTE I OFFENTLEG SEKTOR I HALLINGDAL**

Regionrådet drøfta om det er mogeleg å gå i dialog med allmenlegeforeningen for å finne felles løysing på utfordringane knytt rekruttering og arbeidsvilkår for fastlegane. Er det noko som kan gjerast for å få til ein stabil legevakt- og fastlegeordning i Hallingdal og gjera fastlegestillingane meir attraktive?

**Vedtak:**

Rådmannsutvalet og dagleg leiar i regionrådet tek denne saka vidare.

**SAK 34/22 STATUS LEGEVAKT**

Regionrådet fekk ein status på legevaktsordninga i Hallingdal. Ordninga er framleis er uavklart og det vart drøfta om det er grunnlag for å få til ei avklaring. Same konklusjon som i sak 33/22.

**SAK 35/22 MEDIESTRATEGI**

Regionrådet drøfta korleis ein skal marknadsføre det kommunane, og kommunal eigde selskap bidreg med økonomisk til samfunnsnyttige formål.

**SAK 36/22 BUSTADKONFERANSE**

Regionrådet drøfta om det er mogeleg å få til ein bustadkonferanse i løpet av våren.

**Kva er tema:** Korleis skaffe fleire bustader i Hallingdal?

**Aktørar:** Kommunar, bankar, meklarbransjen, byggebransjen, KS, Viken, Hallingdølen

**Målgruppe:** Kommunar, byggebransjen, bustadkjøparar

**Dato:** juni

**Forslag til tema:**

- Virkemiddelapparat SB1, SKUE, Husbanken (Er det lønsamt å bygge bustad)
- Kommunen som utbygger, off./prøv samarbeid
- Kva rolle kan kommunane ta? Viken, KS, TLF
- Kva kan byggenæringa gjera?
- Meklarbransjen
- Korleis «mobilisera» tomme bustader (lys i fleire glas)
- Oversikt over leiemarknaden (distriktssenter Ullensvang eller andre gode eksempel)
- Bærekraft grøen bustadbygging
- Speeddating mellom kommunar/virkemiddelapparat/bransjen

**Vedtak:**

Regionrådet ber dagleg leiar, Karsten Dideriksen og Pål Rørby arbeide vidare med ein bustadkonferanse i juni. Kostnaden med konferansen vert tatt frå strategisk planmidlar

**SAK 37/22 SATS PÅ HALLINGDAL**

Maria Grevsgård orienterte om SATS PÅ HALLINGDAL.

Regionrådet er positive til at det blir utpeika vararepresentantar til næringslivsrepresentantane i styre.

**SAK 38/22 KOLLEKTIVORDNING**

Heidi Granli orienterte om Brakar Fleks og el-bysykkelordninga

**SAK 39/22 KLIMASAMARBEID I HALLINGDAL**

Ragnhild Kvernberg og Øystein Walle frå Sparebankstiftelse orienterte om klimasatsinga til stiftelsen: Dei har vedteke å etablere eit klimafond eller klimakrisefond. Det vart også drøfte kva posisjon banken og/eller stiftelsen bør ha, og om me skal etablere eit tettare klimasamarbeid - ein bærekraft-HUB i Hallingdal. Regionrådet var positive til dette.

**SAK 40/22 HALLINGTING I APRIL****SAKLISTE HALLINGTING**

- Godkjenning av møteprotokoll
- Rekneskap
- Årsmelding
- Status SPH
- Campus Hallingdal
- Klimahub - klimasamarbeid i Hallingdal
- Regionalt friluftsråd (torsdag)
- FNB - Hilde Magnusson
- SATS PÅ HALLINGDAL
- Bustadsituasjonen i Hallingdal/bustadpolitikk KS?
- Samferdselsutvalet

**SAK 41/22    EVENTUELT****Drøfting innspelsmøte til distriktsmeldinga i Hallingdal.****Vedtak:**

Pål Rørby inviterer Bjørn Arild Gram til eit innspelsmøte til distriktsmeldinga

**Krisesenter og barnevernvakta**

Hege Mørk informerte om barnevernvakta og krisesenter  
Valdres er invitert inn i eit samarbeid med Hallingdal

**Innspel til felles møte mellom Valdres og Hallingdal 12. og 13. sept**

- Krisesenter
- Hallingdal renovasjon
- Sofaprat
- Operasjon aqua rydding av vassdrag
- Distriktsmusiker
- Vinjerock – rak(a)fiskfestival
- Hyttevaldrisen
- Resirkula
- Bærekraftig reisemål
- Strategisk plan

Hallingdal, 5. april 2022  
for rådsordførar

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal